

AKTIVITETSHELG I MARKANE 8-10.juli 2011



Jotunfjell Fjordane Elghundklubb arrangerte aktivitetshelg i Markane 8.- 10. juli.

Det er 4 året medlemmar frå Stryn og Hornindal skipar til denne samlinga, som også i år var svært vellukka. Vergudane stilte sola til disposisjon i allefall laurdag og søndag.

Stor takk til komitèen: Idar Nygård, Andreas Solvik, Kjetil Leite og Nils Myrvang.

Takk også til dommarar og instruktørar, og til alle som deltok og gjorde arrangementet til ei svært triveleg samling. Her var både nye og gamle medlemmar, og alle hadde ei minnerik helg.

Klubben vil og takke grunneigarane i Markane, som stiller utmarkseigedomane sine til rådvelde som prøveterreng. Markane er eit framifrå godt eigna område til våre aktivitetar.

Vi vil òg rette ei stor takk Idrettslaget i Markane for nesten gratis å leige ut dei fine lokalitetane med: Kurslokale, kjøkken, overnattingsrom, sanitæranlegg, grillstove, skytebane/uteområde og campingplass.

Fredagskvelden starta med innføring i dressur og bandhund kurs. Christian Vole auste av sine erfaringar og la grunnlaget for neste dags øvingar. Om kvelden var det samling i årestova med grilling og hyggeleg samvær.

Det vart også lagt opp til bandhund prøvar i år, så 2 ekvipasjar og dommarar la ut på prøve om natta kl.04.



Her er Per Inge Solvang og Cæsar i aksjon på bandhundprøva.

Laurdag etter ein god frukost var det duka for ulike dressur øvingar, for dei som trengte det. Christian rettleia og viste oss gode teknikkar for korleis me skulle trene kommandoar, gå fint i band og innkalling.



Komiteen hadde sytt føre eit varmt måltid til lunsj, og mat må jo gode elghundfolk ha!! Maten smakte nydeleg.

Etter lunsj vart det ulike øvingar i sporing og overværsarbeid. Det var fleire lovande kvalpar som fekk prøve seg og det vert spennande å følgje dei framover! Samstundes vart det gått fleire både blod og fersksporprøvar i terrenget rundt anlegget.

I klubben er sosiale aktivitetar ein viktig del av våre samlingar, så laurdag kveld vart det lagt opp til båttur på Hornindalsvatnet. Me var denne gongen fordelt på 2 båtar, og det skulle seinare vise seg å være fornuftig ☺.

Me gjorde strandhogg, og komiteen hadde sytt føre reker og kvitvin. Ikkje alle hadde like gode reinskeketeknikkar, men Kai Nave hadde god kontroll og sytte for at dei fleste fekk reker på skiva.





Bjørn Marthinnusen og Kai Nave skrytte fælt av fiskeeigenskapane sine, men det vart ikkje rare fangsten. Det måtte den andre båten stå for. Og med god hjelp frå naboar der me la til kai, fekk me låne både steikjepanne, smør og majones!! Så då vart det nysteikt aure også!!





Dansken, Egil Skogum, Christian Vole, Nils Hjellum, Svein Dalseghagen og Rasmus (grunneigar av prøveområdet) kosar seg med litt godt i koppen.

Under strandhogget vart det litt oppsummering av dagens aktivitetar, og dommarane gjekk gjennom dagens prøvar og kritikkar.



Egil Skogum fortel litt om bandhundprøva til Per Inge og Cesar, og kunne også fortelje korleis det var å få straum frå elektrisk gjerde ☺



Arne Løland og Gaute Aamlid på benken.



Nils Myrvang, Ruth Sylvi Løland og Svein Dalseghagen.



Skippar Andreas Solvik....snart motorlaus.....



Det er alltid lurt å reise i følge.....men det var ein minnerik oppleving ☺

Etter at alle var berga i land, forsette kvelden i årestova med grilling og meir sosialt samvær.



Nokre måtte ta ein tidleg kveld, grunna bandhundprøver om natta, mens dei fleste kosa seg i mange timar utover.

Søndagen fortsette med sporprøvar og oppsummering av det me hadde lært i løpet av helga.

Tusen takk for nok ei minnerik helg i Markane!!!